



## Notat

Dato: 07.07.2015  
Arkivsak: 2014/2-85  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Hordaland fagskulestyre

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

### **NOKUT skal kartleggje all teknisk fagskuleutdanning for eventuelt tilsyn**

NOKUT har kunngjort på sine heimesider at det vert starta eit arbeid med å kartleggje alle tekniske fagskuleutdanningar for å vurdere vidare tilsyn (<http://www.nokut.no/no/Nyheter/Nyheter-2015/Nye-utdanninger-under-NOKUTs-lupe/#.VZu7rU0w-72>).

Bakgrunnen for kartlegginga er at NOKUT har erfart at dei tekniske fagskulane i varierende grad har tilpassa utdanningane i takt med lov- og forskriftsendingane som har kome. Forskrift om fagskuleutdanning og fagskuletilsynsforskrifta vart sist endra i 2013. NOKUT ønskjer å kontrollere at utdanningane som vert tilbydd, er i tråd med dei nye krava. Det er totalt 23 tilbydarar som til saman har 133 godkjende tekniske fagskuleutdanningar. Tilsynet startar med ei kartlegging som vil danne grunnlaget for eventuelt vidare tilsyn.

Kartlegginga vert relevant for både Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole. Dei to fagskulane vil saman med administrasjonen ved Opplæringsavdelinga gå gjennom forskriftene og dei ulike systemdokumenta for Fagskolane i Hordaland.